

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 21.01.2022
SAKSHANDSAMAR: Regionalt kompetansesenter for smittevern Helse Vest
SAKA GJELD: **Regional smittevernplan 2022**

ARKIVSAK: 2022/110
STYRESAK: **006/22**

STYREMØTE: **15.02. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret ber helseføretaka om å legge Regional smittevernplan 2022 til grunn for det videre arbeidet.

Bakgrunn

Smittevernlova §7-3 pålegg det regionale helseføretaket å utarbeide ein plan som skal ivareta det regionale helseføretaket sine tiltak og tenester for å førebyggje smittsame sjukdommar eller motverke smitteoverføring.

§ 7-3. Det regionale helseforetaket

Det regionale helseforetaket skal sørge for at befolkningen i helseregionen med hensyn til smittsom sykdom er sikret nødvendig spesialistundersøkelse, laboratorieundersøkelse, poliklinisk behandling og sykehusbehandling, forsvarlig isolering i sykehus, og annen spesialisthelsetjeneste.

Det regionale helseforetaket skal utarbeide en plan om det regionale helseforetakets tiltak og tjenester for å forebygge smittsomme sykdommer eller motvirke at de blir overført.

Det regionale helseforetaket skal sørge for at det finnes et regionalt kompetansesenter i smittevern i helsetjenesten. Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om senterets oppgaver.

Noverande regionale smittevernplan gjeld frå 2017-2021: [Regional smittevernplan Helse Vest \(helse-vest.no\)](https://helse-vest.no)

Aktuelt

Eit godt smittevern bidrar til betre pasienttryggleik og er ein føresetnad for å avgrense utbrot og spreiding av smittsame sjukdommar i helsetenesta og i samfunnet. Det fins omfattande dokumentasjon på effekten av infeksjonsførebyggjande arbeid i sjukehus, både når det gjeld førebygging av sjukdom og død, men også kostnadar for helsetenesta.

Det regionale kompetansesenteret for smittevern (RKS) Helse Vest har i 2021 leia arbeidet med ein større revisjon av regional smittevernplan på vegne av Helse Vest RHF.

Utvida arbeidsgruppe har bestått av to representantar, ein smittevernoverlege og ein smittevernsjukepleiar, frå kvart føretak i helseregionen, i tillegg til Haraldsplass Diakonale sjukehus. Desse har gjennomgått planen i si heilheit og gitt innspel undervegs i prosessen. Planen har også vore til gjennomlesing hos administrerande direktør Helse Vest, som har forfatta føreord til den reviderte versjonen av planen.

Planen definerer strategiske mål for smittevernarbeidet i regionen og legg til rette for eit smittevern med høg fagleg standard i samsvar med lover, forskrifter og overordna føringar, inkludert HOD sin [Handlingsplan for et bedre smittevern - med det mål å redusere helsetjenesteassosierte infeksjoner 2019–2023 \(regjeringen.no\)](https://regjeringen.no). Planen legg vekt på å beskrive viktige risikoområder innan infeksjonsførebygging, tilhøyrande mål og forslag til risikoreducerande tiltak.

Smittevernarbeidet i føretaka må også koordinerast opp mot «Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring» og «Regional plan for kvalitet og pasientsikkerhet». «Regional beredskapsplan for pandemi og alvorlig smittsom sykdom» er ein del av det samla

planverket innan smittevernområdet. Den regionale pandemiplanen er ein delplan til regional smittevernplan og regional beredskapsplan.

Planen skal gjelde alle helseføretaka i Helse Vest og private ideelle sjukehus som har avtale med Helse Vest RHF og vi legg til grunn at føretaka og sjukehusa skal nytte planen aktivt i eige smittevernarbeid. Gjeldande krav til system for smittevern omfattar også avtalespesialistar og private leverandørar av helsetenester som helseføretaka har avtale med.

Vedlegg:

1 Regional smittevernplan 2022